



Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo

Salhus,

Dykkar ref.:

Vår ref.:
71.1.11/110.14aom

**INVESTERINGSSØKNAD MUSEUMSBYGG/FELLESMAGASIN VED
VESTNORSK UTVANDRINGSSENTER/MUHO OVER
Kap. 320 Allmenne kulturformål, post 73 Nasjonale kulturbygg**

Museumssenteret i Hordaland søker med dette om investeringsmidlar til nytt museumsbygg for avdelinga Vestnorsk utvandringssenter og til fellesmagasin for regionen Nordhordland. Kostnaden er stipulert til ca 100 millionar (ca 50 mill på museumsbygget og same for magasin). Det vil bli utarbeidd beskrivelse av bygget, nøyaktigare kostnadskalkyle, investerings- og driftsbudsjett, som blir koordinert med søknaden til Hordaland Fylkeskommune med frist 1. april 2014. Eg ettersender dette materialet til Kulturdepartementet innan 1. april. Litt om prospektet:


Vestnorsk utvandringssenter (VUS) ligg på Sletta i Radøy kommune, og har sidan 2010 vore ei konsolidert eining under Museumssenteret i Hordaland. Museumssenteret i Hordaland (MuHo) er regionalt ansvarsmuseum for Nordhordland, og har i dag totalt sju avdelingar i Salhus (Bergen kommune), på Lygra (Lindås kommune), i Osterøy kommune og i Radøy kommune. Dei sju avdelingane er: Bevaringstenestene, Havrå, Kulturverntenesta i Nordhordland, Lyngheisenteret, Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter, Osterøy museum og Vestnorsk Utvandringssenter.

Vestnorsk utvandringssenter/MuHo har sidan konsolideringa i 2010 arbeidd aktivt med ein klar strategi (sjå pkt 1.3 i konseptet) for og videreutvikla VUS som senter for migrasjon og kultur møteproblematikk i eit breiare perspektiv, og for å bli ein del av det regionale ansvarsmuseet for regionen. Dette inkluderer ei profesjonalisering av samlingsforvaltning og planar for forskning og formidling. Museet skal no utviklast som eit nasjonalt migrasjonssenter og bidra til det regionale behovet for samlingsforvaltning, gjennom eit nytt museumsbygg med magasin. Nordhordland har gjennom fleire år meldt behov om eit eige magasin for gjenstandar i regionen. Med det nye museumsbygget på Vestnorsk utvandringssenter vil dette behovet verta dekkja gjennom eit magasinareal på totalt 2000m². Magasinet vil samlokaliseras med eit museumsbygg for Vestnorsk utvandringssenter, som med et nybygg vil få dekkja

behovet for betre fysiske rammevilkår – både med tanke på formidling (utstillingslokale), fasilitetar for publikum, arbeidsforhold for tilsette, eige magasinbehov og for å styrke det regionale samarbeidet. Museumsbygget har temaet «Tidsreise».

Museumssenteret i Hordaland håper at Kulturdepartementet kan støtta investeringssøknaden til eit samlokalisert museumsbygg ved VUS og fellesmagasin for Nordhordland. Finansieringa må løysast i samspel mellom staten, Hordaland fylkeskommune og kommunane i Nordhordland. Museumssenteret i Hordaland har gjennom dette konseptet funne ei løysing på det sterkt etterspurde fellesmagasinet for Nordhordland.

Med venleg helsing



Atle Ove Martinussen
Direktør